




Det kongelige Helse- og omsorgsdep.  
Postboks 8011 Dep.  
0030 OSLO



MILJØFYRTÅRN<sup>®</sup>  
Kommune nr. 1

Vår ref.  
09/500-4//HEGR

Dykkar ref.

Dato:  
09.09.2009

## KOMMUNEHELSETJENESTELOVEN - HØRINGSUTTALE

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fedje kommune, Oppvekst og omsorg støttar framlegget til høringsuttale som ligg føre.

### **08.09.2009 OPPVEKST OG OMSORG**

Fellesframlegg:


Den delen av høringsuttalelsen med eksempel knytt direkte til Fedje går ut.

### OO-033/09 VEDTAK:

Fedje kommune, Oppvekst og omsorg støttar framlegget til høringsuttale, med unntak av avsnitta med eksempel direkte knytt til Fedje .

Samrøystes vedteke

Med helsing

  
Grete Herøy  
driftssjef



FEDJE KOMMUNE

FEDJE KOMMUNE	
26 AUG 2009	
J.nr.	Ark.nr.
1480/09	600

FEDJE, 180809

FRAMLEGG TIL HØYRINGSNOTAT:

## "EIT VERDIG HELSETENESTETILBOD"

### Høringsnotat om endringer i kommunehelesetjenestelova.

Stortinget og regjeringa ynskjer å innføre ein verdigheitsgaranti. Ein har særleg retta fokus mot tenestene og tilbodet som dei eldre skal få i framtida. Utan ein slik garanti, fryktar ein at kvalitet vil kunne bli svekke når kapasiteten må aukast når det vert fleire eldre i tida framover.

Det er gjort framlegg om ein generell lovending i kommunehelselova § 2-1 :

*"Enhver har rett til et verdig tjenestetilbud når han eller hun har behov for det på grunn av sykdom, funksjonshemming, alder og av andre årsaker"*

Fedje kommune har ingen motsegner til framlegget og gir sin tilslutning til denne endringa. Vi trur likevel at denne generelle formuleringa kan tolkast ulikt og har lite å seie for tenestetilbodet utan framlegget til forskrift (verdigheitsgarantien).

Fedje kommune trur det er rett tid med ein verdigheitsgaranti, men kommunen må også få garanti for at meirkostnadene vert dekkja. Tenestetilbodet er i dag svært varierende, og trongen for midlar vil variere frå kommune til kommune.

Vi trur difor at framlegget om at meirkostnadene vert dekke gjennom auke i frie midlar, vil kunne føre til at sentrale styremakter vil kunne skjule at dei ikkje gjev store nok tilskot til kommunane. Kommunane vil ikkje kunne dokumentere at det ikkje er nok midlar til å gjennomføre reforma.

#### KONKLUSJON:

Fedje kommune stør endringa av kommunehelselova

Fedje kommune stør framlegget til forskrift om ein verdigheitsgaranti

Fedje kommune meiner det er trong for øymerka midlar som både syner omfanget av tiltak i kvar kommune og som kan dokumentere om tilskota er tilstrekkelege eller ikkje. Vi har gode erfaringar med midlar til styrking av psykiatrien.

Med venleg helsing

Ernst Horgen  
Kommuneoverlege